



Referat frå oppstartsmøte for plansaker

Reguleringsplan:

Plan-ID: Vert tildelt når det vert varsla oppstart av planarbeidet

Saksnr: 2025/14959

Dato: 19.2.2026

Referent: Merethe Tvedt

Møtestad: Kommunehuset på Frekhaug

Referatdato: 19.2.2026

Møtedeltakarar:

Frå forslagsstillar:
Svein Nøttveit

Firma: Lerøy Vest AS, avd. Bjørsvik
Settefisk

Frå plankonsulent: Astrid Vangdal, Linda
Djuvik Sønstabø

Firma: Multificonsult AS

Maren Rasmussen

Firma: Link arkitektur

Frå Alver kommunen:
Merethe Tvedt og Ingrid Raniseth
Bente Koppervik Hervik (med på teams frå
kl. 12.30)

1. Føremålet med planarbeidet

Forslagsstillar sitt planinitiativ:

Tiltaket gjeld endring og utviding av reguleringsplan for *Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS planid. 4631_1263_200704*, kor akvakulturanlegg er tenkt utvida med kar kapasitet, ny hall mot sør og ny bryggje. Ein vil sjå på å endre rammer for bruk av areal mot nord der det i dag står ein trebygning.

Området har vore brukt til settefiskanlegg i fleire år og har utvikla seg frå utandørs fiskekar til moderne, komplette settefiskanlegg i hallar. Planområdet ligg i Bjørsvik, ei sidevik til Osterfjorden. Storleik på førebels planområde er ca. 71,4 dekar.

Tiltaka skissert i planinitiativet:

- Ny produksjonshall
- Ny kai/flytebryggje
- Tilrettelegging for effektiv logistikk og redusert transport på veg.
- Fjerning av sjøbotn
- Endring av eldre trebygg



Dagens situasjon:

- Gjeldande reguleringsplan:

Gjeldande reguleringsplan *Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS, PlanID. 4631_1263-200704*, er frå 2010, (revidert i 2018), opnar for næringsbygg, samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur. Ny plan legg opp til ein utviding av næringsområdet, med tilhøyrande kai og ferdselsområde.

Bakgrunn for planendringa er å leggje til rette for auka oppdrettsvolum på land, ved å skape plass til fleire fiskekar. Dette vil gje betre plass til fisken og styrkje fiskevelferda i produksjonen på land. Bjørsvik settefiske har konsesjon på meir enn dei klarer å ta ut i dag med dei forholda som er i Bjørsvik. Planinitiativet krev ikkje ny konsesjon, men det er behov for ei utviding av anlegget for å oppnå den konsesjonen dei har.

Ny kai for større båtar vil bidra til meir effektiv uttransport av fisk. Tiltaka gir større fleksibilitet når det gjeld storleik på fisken og tidspunkt for utsetjing. Produsenten vil i større grad kunne setje ut fisk på rett tid for produksjonen i sjø, og slik oppnå betre fiskevelferd også i sjø.

- Utviding av næringsområdet som vert foreslått er delvis i strid med KPA, då arealbruken endrast frå bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og LNFR-formål til næringsbygningar og ferdsel. Arealet er spelt inn til ny KPA.

Hovudpunkt frå møtet:

Tiltak/føremål:

Formål med planutvidinga er å tilrettelegge for:

- **Ny produksjonshall:** for auka kapasitet og betre fiskevelferda.

Bygg med same type og høgde som i gjeldande plan (kote +16 m), ca. 50 meter lang, 20 meter brei, grunnflate på 1 000 m², utnyttingsgrad på ca. 75 %. Plassert på fylling i sjø.

(Anlegget ligg ved ei bratt bergside, det er føretatt rassikring. Utvidinga vil difor ikkje skje mot ras sikra område, men ved fylling i sjø. Størrelse på fylling, fyllingsutslag, mengde massar og plassering, vil gå fram av planprosessen).

- **Ny kai/flytebryggje:** for å kunne ta imot større båtar og sikre meir effektiv uttransport av fisk. Eksisterande flytebrygge skal erstattast av ei ny bryggje som blir plassert på utsida av den lange hallen og vidare sørover. Ein funksjonell kai bør vera minimum 70 meter lang slik at brønnbåtane kan vere fortøydd i ein stabil konstruksjon. Frå produksjonshallane vert fisken ført over i brønnbåten via transportrøyr. Det er ikkje avklart om det vert ei ny flytebryggje eller om den vert bygd som ein fast konstruksjon.

- **Fjerning av sjøbotn:** Mudring av grunne for å oppnå ei djupne på minst 8 meter. Den nye båten som skal nyttast har ei hybridløysing med batteri og vil slå betre ut i høve klimautslepp. Båten veg ca. 2 998 bruttotonn, er 70 meter lang, og 17 meter brei. Sjøbotn bør difor vere minst 8 meter. Skanning av sjøbotnen syner ei grunne (topp kote -6 m) i innseglinga til Bjørsvikvågen som må fjernast for å få tilstrekkeleg djupne. Arealet er stipulert til om lag 705 m², og eit samla volum på 760 m³.

- **Tilrettelegging for effektiv logistikk og redusert transport på veg.**

- **Endring av eldre trebygg:** Det eksisterande gamle trebygget er føresettt bevart i gjeldande reguleringsplan. Omsynssone «bevaring kulturmiljø» omfattar bygget og kaiområdet framfor trebygget. Forslagsstillar har trong for meir produksjonsareal og ein vil i planprosessen vurdere om desse bygga kan endrast og tilpassast dagens produksjonskrav.




- **Ferskvatn frå Husdalsvatnet:** Tiltaket nyttar vatn frå Husdalsvatnet til produksjonen, og avløpsvatnet har utslepp på ca. 37 meters djupne ute i Bjørsvikfjorden. Det planlagde tiltaket endrar ikkje på dette. Det er ikkje trong for å ta ut meir vatn frå Husdalsvatnet.

Overordna planar og pågåande arbeid med ny KPA for Alver kommune (ferdig offentleg ettersyn).

Kommuneplanen til Alver er i prosess, og Lerøy sjøtroll leverte først eit innspel til hamneområde/farlei til ny KPA, som blei tatt med vidare i KPA prosessen. Det er seinare komt eit nytt innspel

- Første innspelet gjekk på å leggje noko av arealet ved setjefiskanlegget i Bjørsvik til Hamneområde/Farlei. Innspelet er spelt inn med den bakgrunn i at det m.a. kan søkjast om flytebyggje for lasting/lossing, samt moglegheit for søknad om mudring, utan å gå om dispensasjonssøknad.
- Nytt innspel etter høyringa er levert. Kor ein har utvida område.



Pr. no har vi ikkje fått spesifikk uttale frå offentleg mynde ang. dette innspelet. Men det kan vera uttale av generell karakter, som kan spele inn. (eks. VLFK sitt motsegn om at vassmiljø må innarbeidast og vurderast betre i KU for relevante område).



Uansett KPA er i prosess, og kan endrast undervegs. Fram til ny KPA er vedtatt, gjeldt KDP Lindås.

Føresegner frå **KPA Lindås og IKP for sjø** som vedkjem planen (lista er ikkje uttømmande):
IKP sjø gjeld ved motstrid av KDP Lindås 2019-2031, jf. føresegn 1.3 b)

- **Aralet er i Kommunedelplan for Lindås 2019 – 203, planID. 4631_1263-201805** er i hovudsak satt av til akvakultur, bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og LNFR.


Delar av planområdet ligg innanfor omsynssonene:

H310 Ras- og skredfare, H570 Bevaring kulturmiljø, H560 Bevaring naturmiljø, samt ei bandleggingszone, H740 Bandlegging etter anna lovverk (Høgspent) og H910 Reguleringsplan skal framleis gjelde (Bjørsvik). Byggegrense sjø

Føresegner med særskilde føringar til planarbeidet:

3.5.3 I områda sett av til akvakultur ved Bjørsvik, ved Likulten nord for Myking og ved Ådnøy, er det berre tillate med lukka anlegg og FOU-anlegg. Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 3. (5)

- Tiltaket er i samsvar med samfunnsdelen om satsing på kystnære område og auka produksjon og eksport.



Figur 3-1 Kartutsnitt frå gjeldande kommuneplan. Planområde markert som raudt. Planområdet er sett av til akvakultur (rosa), bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (blå) og LNFR (grøn). Kjelde: Nordhordlandskart.no/Alver



Avvik KPA:

- Utvidinga av næringsområdet som vert foreslått i dette planinitiativet er ikkje i samsvar med KPA, då arealbruken endrast frå bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og LNFR-formål til næringsbygningar og ferdsel. Planen må utgreie korleis planen vurderer avviket frå arealformålet.

• Føresegner frå Interkommunal plan for sjøareal (IKP SJØ) vedteken 3.10.2023, Nordhordland

- Planen regulerer bruk og vern av sjøareal, inkludert vassflata, vassøyla og sjøbotnen. Men omhandlar òg overgang mellom sjø og land.
- Planområde er i IKP Sjø avsett til :
BSV (Bruk og vern av sjø og vassdrag med strandsone).
AKV (Akvakultur).
FV (Friluftsområde).
VK (Kombinert formål i sjø og vassdrag, med eller utan strandsone).

Omsynssoner og føresegner:


H530 (Friluftsliv): Vern av friluftstinteresser

H550 (Landskap): Vern av landskap

H560 (Bevaring naturmiljø): Vern av nasjonalt viktig naturmiljø, inkludert laksefiske, i nasjonal laksefjord

H310 (Ras og skredfare): Område med fare for ras og skred

Austsida av vika er avset som omsynssoner med særleg angitt hensyn, bevaring kulturmiljø. Deler ligg innafør H310 skred og rasfare. Skravuren H560 Bevaring naturmiljø (nasjonal laksefjord) som startar mellom Tysse og Molvik, sjå Figur under, dekker heile det indre fjordsystem.



KPA I-sjøareal. Førebels planområde er markert med lilla strek.

Særskild for planområde må ein sjå til kulturmiljø, nasjonal laksefiske m.m. I forhold til varige eller mellombels inngrep i sjøbotn er dette beskrive ifht. løyve frå anna mynde. Pkt. 3.1. Men for å ivareta føresegnene i planen, må denne gjennomgå punkt for punkt.



Avvik:

- Sprenging kan komme i konflikt med nasjonal laksefjord. Dette kan ikkje kommunen svare fullt ut på, og andre mynde skal gjere vurdering kring dette temaet.

Særskild for planområde må ein sjå til kulturmiljø, nasjonal laksefiske m.m. I forhold til varige eller mellombels inngrep i sjøbotn er dette beskrive ifht. løyve frå anna mynde. Pkt. 3.1. Men for å ivareta føresegnene i planen, må denne gjennomgå punkt for punkt.

Vidare må det vera vurdering av korleis planen føl opp:

- LNF
- Landskap, estetikk m.m.
- Støy
- ROS analyse
- Byggegrense mot sjø

-Naudsynte løyve etter anna lovverk- Akvakulturlova, NVE, Havne og farvannsloven

• Eksisterande anlegg har konsesjon med tilhøyrande utleppsløyve for årleg produksjon av 1.200 tonn etter Akvakulturlova. Det er opplyst at planinitiativet legg eksisterande løyve til grunn. Det er heller ikkje opplyst at planlagt tiltak/omfang som krev ny/endra konsesjon etter Akvakulturlova.

• Tiltakshavar har konsesjon etter vassressurslova for regulering og uttak av vatn frå Husdalsvatnet.

Det er ikkje planlagt å endra uttak av ferskvatn eller andre tilhøve som krev endring av konsesjon frå NVE.

- Tiltak med større båt og ny kai treng løyve etter Havne og farvannsloven.
- Sprenging av sjøbotn skal også ha løyve frå Statsforvaltar.

Støysoner:


Støy må omtalast, utover at nyare båtar er støysvake.

Ras-, flaum- og skredfare:

Område er omfatta av eit ras og skred område i bakkant av eksisterande bygningar. I planarbeidet må rasfare beskrivast betre, særskild ifht. om sprenging vil påverke fjellet.

Høgspentline med omsynssone:

Høgspentlinja er vist i KPA kartet, men ligg litt feil her. Vedlagt utsnitt viser med blå line kor høgspentlina går.



Blå strekar viser korrekte plassering av høgspenningline.

Struktur, plassering, byggehøgder og grad av utnytting:

Med tanke på kulturmiljø og byggjetiltaka blir det satt krav til føresegn som ivareta dette. Sjå særskild til uttale frå kultur.

Terrenginngrep og massebalanse:

Dette må svarast betre ut, kva omfang det får. Både i sjø og på land. Planarbeidet har krav til plan for massehandtering.

Barn og unges interesser:

I plan skal dette alltid vera eit tema.

Folkehelse:

Gjeld same som over.

Renovasjon:

Må beskrive løysing som er no, og kva løysing som er tenkt. Framkommeleg heit for renovasjonsbil. Har lagt ved NGIR sin RTP.

Uttale frå Alver kommune:

Det var haldt oppstartsmøte med kommunen for planarbeidet i 2024. Kultur har kome med ny uttale, medan dei andre avdelingane hadde ikkje nye forhold å tilføre, tatt i betraktning at noko er alt fanga opp i oppdatert planinitiativ. Frå vegavdelinga er noko avklart i etterkant av møte. Sjå under.

• Uttale - Vatn, avlaup, brannteknisk, overvasshandtering, byggegrense mot bekk:

Er vurdert frå VA men, har ikkje noko nytt å komme med frå 2024.



Tiltaket ligg langt vekk frå kommunale leidningar for vatn og avløp. Tiltaket inneberer slik me oppfattar det at ikkje noko nye leidningar skal overtakast av kommunen til drift og vedlikehald. Vatn skal hentast frå Husdalsvatnet.

Alver kommune krev ihht VA-norm VA-rammeplan sidan tiltaket gjeld næringsbygg. I planen skal løysing for vatn, avløp og overvatn beskrivast.

Avlaupsløysing er ikkje nemnt i planen som gjeld kontorbygg og toalett.

Avløpsløysing (privat) må beskrivast og endeleg godkjennast av Alver kommune ved avdelinga for Miljø & tilsyn.

• Uttale- Miljø og tilsyn Avlaup:

Ingen ny uttale

Det er ikkje offentleg vatn og avløp i området Bjørsvik.

Denne eigedomen får vatn via privat vassleidning frå Husdalsvatnet.

Eigedomen er registrert med 4m³ slamavskiljar med utslepp til sjø. Det er ikkje registrert avvik knytt til avløpsanlegget. Ser ikkje at det er naudsynt å auke denne.

Parkering:

Er ikkje omtalt og må takast med. Sjå gjeldande parkeringsnorm i KPA: pkt. 2.6.5

• Uttale -veg

Under ligg uttale frå 2024, som står framleis. Etter oppstartsmøte kom det ein utvida uttale frå vegavdelinga slik førespurd ifht. evt. vurderingar om utvidingar m.m. Sjå nedanfor.

Kommunalveg Bjørsvikvegen er smal og ikkje i særleg god stand frå etter krysset mot Eidavegen og ned mot Bjørsvik kai. (Ca vegref.: 4631 KV1093 K S1D1 m580 – m775). Det er ikkje omtala i planen om tiltaket kjem til å auke trafikken på vegen. Dersom trafikken på vegen vil auke må det vurderast kva kvalitet vegen skal vere i, og om det trengs oppgradering på vegnettet. Dette må vurderast meir konkret etter vi veit kva planen eventuelt vil gjere med trafikken.

Det må òg beskrivast tilkomstveg ifht. samfunnstryggleik og beredskap. Brann bil, jf. føresegn 2.4.2 i KPA.

Planen må beskriva kva utvikling ein ser for seg i forhold til veg/trafikkauke, slik at vi får vurdert om vegen er i god nok stand.


Kommentar frå Lerøy- utfordring om dei ikkje får brønnebåt, då må dei bruke vegen.

Kommunen: dersom økt ÅDT, kan dette føre til vegutbetring, kva med kryss mot fylkesveg? Ein bør difor vurderast å ta vegen med i planomrisset. Sjå kommentar under til planomriss.

Uttale – Kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, byggegrense mot sjø:



Eiendomsopplysninger er presentert i tabell 1.



1. Hovudbygningen og Mølla =verneklasse A

Bjørsvik er ein industristad og eit lite samfunn som har vakse fram kring ei einskild verksemd på 1800-talet. Mot slutten av 1800-talet var Bjørsvik ein industristad med krambu, bakeri, arbeidarbustader og skule. I 1900 vart verksemda utvida med ei ny, stor mølle. Denne bygningen, som framleis er intakt utvendig, er 22 meter høg over 6 etasjar – truleg ein av dei høgaste trebygningane i Nord-Europa. Bjørsvik vert vurdert til å vera eit svært viktig industrimiljø, og det må takast omsyn til dei einskilde kulturminna og kulturmiljøet som heilskap i all planlegging og bygging i området.

Per i dag ligg planområdet innanfor omsynssone H570. I høyring til ny kommuneplan er omsynssone H570 foreslått vidareført med nokre justeringar. I tillegg er det foreslått verneklasse på fleire av bygningane, dvs eit vern av einskildbygg gjennom føresegnene i kommuneplanen. Mølla er foreslått med verneklasse A, medan butikken (Bjørsvikvegen 138) og styrarbustaden (Bjørsvikvegen 80) er foreslått med verneklasse B. Fleire andre bygg som skulen, ungdomshuset, lageret (Bjørsvikvegen 136) er forslått med verneklasse C.

I dei generelle føresegnene (heimla i § 11-9 i plan- og bygningslova) i kapittel 3.11 punkt 3 står det om bygg i verneklasse A:

Det skal ikkje gjevast løyve til å rive/fjerne kulturminne i verneklasse A. All restaurering skal skje i tråd med antikvariske prinsipp, og originale vindauger, dører, listverk, kledning og takteking etc. skal bevarast. Det bør ikkje gjevast løyve til endring av kulturminne i verneklasse A som reduserer verneverdien. På eigedom med kulturminne i verneklasse A kan det ikkje gjevast løyve etter plan- og bygningslova til andre tiltak som kjem i konflikt med omsynet til kulturminnet eller kulturminnet sin verdi.

Om bygg i verneklasse B står det i føresegnene:

Det skal som hovudregel ikkje gjevast løyve til å rive/fjerne kulturminne i verneklasse B. Dersom det vert gjeve løyve til å rive/fjerne kulturminne i verneklasse B skal det stillast vilkår om at kulturminnet vert dokumentert. All restaurering bør skje i tråd med antikvariske prinsipp, og det bør ikkje gjevast løyve til endring av kulturminne i verneklasse B som reduserer verneverdien.



Sjølv om kommuneplanen ikkje er vedtatt, bør ein ikkje gje løyve til tiltak eller vedta planar som er i strid med føresegnene i ny kommuneplan.

Når det gjeld planinitiativet har me merka oss følgjande:

I kapittel 5.1.3 står det at: «Det eksisterande gamle trebygget er føresett bevart i gjeldande reguleringsplan. Omsynssone «bevaring kulturmiljø» omfattar bygget og kaiområdet framfor trebygget. Forslagsstillar har trong for meir produksjonsareal og ein vil i planprosessen vurdere om desse bygga kan endrast og tilpassast dagens produksjonskrav.»

Ein må ikkje tillata endringar og tilpassingar som går ut over kulturminneverdiane. Det betyr ikkje at kommunen ikkje skal tillata endringar og tilpassingar, men at planlegging av dette må skje i tett dialog med kommunen, fylkeskommunen og Kulturverntenesta i Nordhordland. Det må setjast som vilkår at alle endringar skal godkjennast av kulturavdelinga i kommunen og fylkeskommunen. Det vil særleg verta lagt vekt på bevaring av ytre fasadar, og at restaurering av desse i størst mogleg grad skal skje i tråd med antikvariske prinsipp. I praksis betyr det å berre skifta ut det som er naudsynt, og erstatta likt med likt.

Tilstandsanalysen

Det er positivt at det er utarbeida ein grundig tilstandsanalyse av hovudbygningen, mellombygningen og sidebygningen. Me er samde i tiltaka som fram i tiltaksanalysen, og utover det som er nemnd ovanfor om antikvariske prinsipp, har me ikkje merknader til tilstandsskildringane og tiltaka i tilstandsanalysen.

• Uttale – Eigedomstilhøve:

Alle grenser er oppmålt i 2009.

• Uttale – Landbruk-

Ingen ny uttale frå landbruk. Det ser ut til at tidlegare innspel har komen med i planprogrammet, og legg dette til grunn

Om det ikkje er gjort, så bør det kartleggast og takast omsyn til om det er strekning for anadrom fisk, med tanke på utslepp frå anlegget, sjølv om plana legg til grunn eksisterande utsleppsløyve, og også med tanke på utviding av kaianlegg

Det bør gjerast ei vurdering av påverknad av marint liv og økosystemtjenestar ved arealbruksendring i sjø ved utviding av kaianlegg og vi forutset at dette blir tatt omsyn til i vidare arbeid med plan.

Det er kommentert i planinitiativet at det ikkje er registrert ein del forskjellige ting, døme: særskilde naturtypar, byggeråstoff (mineralressursar), gyttefelt/oppvekstområde for fisk, friluftsverdiar m.m. Her vil vi berre kommentere at det betyr ikkje det same som at dei ikkje eksisterer, men at her må ein kvalitetssikre grunnlagsmaterialet før ein konkluderer med at det er noko som ikkje trengs å takast omsyn til i plan.

Arealet på land på gbnr 229/9 som er del av planområdet er omtalt som uproduktiv skog. (Uproduktiv skog: Skog som ikke kan produsere 1 m³ trevirke med bark pr. hektar og år) også kalt impediment, jord som ikke egner seg til dyrking.



Dette er ikke det samme som at arealet ikke har en verdi, det sier bare noe om produksjonsegenskapene ifm. skogbruk eller jordbruk. Disse arealene kan ha en høy verdi som biotop for planter og dyr og en viktig økosystemtjeneste.

Syner til § 8-9 i naturmangfaldslova

§ 8.(kunnskapsgrunnlaget) Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

§9(føre-var-prinsippet) Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet

Syner ellers til naturavtalen. Naturavtalen har som mål å stoppe og reversere tapet av natur og økosystemer. Avtalen setter globale mål for å bevare naturen, oppnå bærekraftig forvaltning og bruk og bekjempe årsakene til nedbygging og forringelse av økosystemer. Konkret er det nevnt at det skal være naturhensyn i all arealplanlegging (nær 0-tap), at en skal integrere naturhensyn i all forvaltning og at en skal sikre mer areal og adgang til natur og en skal ha et effektivt vern av 30 % land og hav.

Så all arealbruksendring fra natur til bebyggelse bør grundig overveies.

Oppsummering landbruk:

- Planforslaget/og planprogrammet må basere seg god kunnskap, med omsyn til natur og miljø. Det er påpeikt manglande/behov for ytterlegare vurderingar i planarbeidet på desse tema:
 - Anadrom fisk og utslepp: Kartlegg påverknad på fiskestrekningar og vurder utslepp ved utviding av kaianlegg. Marint liv og økosystem: Vurder korleis endring i sjøareal påverkar marint liv og økosystemtenester.
 - Naturverdiar: Sikre kvalitetssikra grunnlagsdata om naturtypar, gytefelt, og friluftsverdiar før konklusjonar.
 - Uproduktiv skog: Området kan ha høg biologisk verdi som biotop, sjølv om det er uproduktivt for jord- og skogbruk.
 - Naturmangfaldslova: Følg §8 (kunnskapsgrunnlag) og §9 (føre-var-prinsippet) for å unngå skade på naturmangfoldet.
 - Naturavtalen: Prioriter nesten null-tap av natur og integrer naturomsyn i planlegging.
 - Planforslaget må oppdaterast kring uttalen til landbruk, og tema må vurderast om skal takast med i planprogrammet.

•Uttale – Byggesak:

*Ingen ny uttale frå byggesak**

Er handsama tre søknader før – 2 avslag og 1 avvising.

Ikkje gitt dispensasjon då det var for omfattande og egna seg meir som en plansak.

Har eller ingen innspel så tidleg i prosessen. Kan sjå nærmare gjennom føresegnene seinare.



Til orientering: Godkjent etablering av supplerende vannføringsledning på gbnr 321/73 – sak 2024/6989.

Kva forslagsstillar sa i møtet:

- Link arkitektur v/Rasmussen presenterte kulturbilde i Bjørsvik.

Forlagsstillar var klar på at det ein får til ein type bevaring i Bjørsvik, som gjer at ein kan bruke område, og at bygningsmassen ikkje blir ståande til forfall. Lerøy er open for ta vare på fasaden, og bygget sitt uttrykk.

Kommunen og fylkeskommunen vil vera behjelpelig med rettleiing kring ivaretaking av kulturomsynet, samt framgangsmåte o planprosessen og framtidige grep/tiltak.

2. Rammer for planarbeidet

Følgjande arealplanar gjeld for heile eller delar av området:

Plannamn:	Plan-ID:
Kommuneplanen sin arealdel	4631_1263-201805
Interkommunalplan for sjøareal, Nordhordland	4631_2021001
Detaljreguleringsplan for <i>Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS</i>	4631_1263_200704

Planen vil heilt erstatte følgjande plan(er):

Detaljreguleringsplan for Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS, planID. 4631_1263_200704

Planen vil erstatte delar av følgjande plan(ar):

KPA

Aktuell plantype:

Endring av detaljreguleringsplan etter full planprosess Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS

Plannamn:

Endring av detaljreguleringsplan Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS

PlanID:

Vert tildelt når det vert varsla oppstart.

Planinitiativ:

Ikkje i samsvar med overordna plan for deler av arealet som ligg som LNF og bruk og vern av sjø.



I oppstartsmøte blei det konkludert med at planinitiativet vil vera i tråd med omsynssona for bevaring av kultur i kommuneplanen. Men at detaljar kring korleis ein forankrar bevaringa i planarbeidet og vidare, må kome i planprosessen kor kultur hos kommunen og fylkeskommunen vil delta.

Planarbeid i området:

Kommuneplanen for Alver kommune foregår no.

3. Utgreiingsbehov for planarbeidet – krav til innhald og materiale

Lokale forhold som krev særleg utgreiing eller vektlegging i planarbeidet:

Nr.	Tema	Utfyllande tekst
1.	Barn og unge sine interesser	Planskildring og føresegner.
2.	Funksjonshemma og eldre sine interesser	Planskildring og føresegner.
3.	Universell utforming	Planskildring: korleis planen ivaretek krav i TEK17 for bustader og uteareal.
4.	Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar & Massehandtering: reine jord- og torvmassar, ureine massar, massebalanse, stein	Planskildring og føresegner. Masser skal nyttast som ein ressurs for landbruk og samfunn. Overskotsmasse skal så langt som mogleg brukast på staden, t.d. til istandsetting av terrenget. Minst mogleg skal borttransporterast. Dersom masseoverskot, må utbyggjar vise kvar overskotsmassane skal mottakast. Overskotsmassar frå dyrka jord og eigna til jordbruksproduksjon, bør nyttast til forbetring av godkjent jordmassemottak lokalt. Plan for massehandtering må leggest ved reguleringsplanen.
5.	Kulturlandskap og kulturminne	Planskildring og føresegner.
6.	Strandsone, sjø og vassdrag	Plankart, føresegner og planskildring.
7.	Natur- og miljøvern faglege vurderingar	Planskildring og føresegner. Det må gjerast ei vurdering etter naturmangfaldlovas §§ 8-12. Bruk kommunen si sjekklister for naturmangfaldrapport i vurderinga, som skal inngå i reguleringsplanen (skildre m.a. om det er registrert spesielle artar eller miljøverdiar innanfor planområdet).
8.	Samfunnstryggleik og beredskap	Plankart, føresegner, planskildring og VA-rammeplan. Rettleiing for rednings- og slökkjeinnsats frå NGIB skal leggest til grunn for utforminga.
9.	Kommunikasjon, veg og vegtekniske tilhøve/trafikktryggleik	Plankart, føresegner og planskildring.
10.	Kommunaltekniske anlegg	Planskildring, føresegner og VA-rammeplan.



11.	Stadsutvikling, kjøpesenter	Ikkje aktuelt.
12.	Klimatilpassing	Planskildring og føresegner.
13.	Energi – behov og løysingar	Planskildring og føresegner.
14.	Folkehelse: inkludert møteplassar	Plankart, føresegner og planskildring.
15.	Støy, luft, forureining	Planskildring og føresegner.
16.	Friluftsliv, stiar, snarvegar og vandringsvegar	Plankart, føresegner og planskildring.
17.	Renovasjon	Plankart, føresegner og planskildring.
18.	Landskap	Planskildring og føresegner.
19.	Berekraft: sosial, økonomisk og miljø	Planskildring.
20.	Klimagassreikneskap	Planskildring.
21.	Arealreikneskap	Planskildring.

Planforslaget er estimert å innehalde følgjande rapporter og dokument:

- Plankart
- Føresegner
- Planskildring
- Illustrasjonsplan
- Sol-/skuggeanalyse
- Landskapssnitt
- 3D-teikningar/fotoillustrasjonar
- ROS-analyse
- VA-rammeplan
- Utfylt sjekklister for planmaterieell og tekniske krav
- Kopi av varsel om oppstart og mottekne merknader
- Merknadsskjema
- Merknadsskjema
- Planprogram
- Konsekvensutgreiing
- Massehandteringsplan
- Naturmangfaldsrapport – Løyst i KU, men òg vist til i planomtale?
- Kulturminnedokumentasjon



- Renovasjonsteknisk plan? (Det er ikkje NGIR sitt ansvarsområde for industri. Men planen må beskrive korleis dette er løyst.
- Trafikkanalyse og Vegplan. Trafikkanalysen vil gje svar på omfanget, og evt. krav om ein vegplan.
- Skredfarevurdering
- Geoteknikks rapport om marin grense
- Landskapsanalyse
- Stadsanalyse
- Barnetråkk
- Flaumfarerapport

Under planprosessen kan det kome fram nye moment som fører til behov for ytterlegare utgreiingar.

4. Konsekvensutgreiing og planprogram

4.1: Førebels vurdering i høve forskrift om konsekvensutgreiingar

Planforslaget skal handsamast etter forskrift om konsekvensutredningar § 6.

4.2: Planprogram

Planen skal varslast oppstart med planprogram. Forslag til planprogram skal leggest ut til offentleg ettersyn samtidig som planoppstart vert kunngjort, jf. Pbl 12-9.

Utval for Areal, plan og miljø, APM har delegert mynde til å sende framlegg til planprogram for reguleringsplanar med vesentlege verknader etter § 12-9 ut på høying.

Møtedatoar før sommaren i APM er: 15.4, 6.5 og 3.6. Administrasjonen har skrivefrist 1,5 veke før møte. Saka må difor sendast kommunen 3 veker før møte i utvalet.

Når uttaler til varsel om oppstart er mottatt, må planprogrammet tas opp som sak i kommunestyre.

5. Retningslinjer som gjeld for planområdet

Statlege retningslinjer som gjeld for planområdet:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet
- Statlige planretningslinjer for klima og energi
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen
- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag
- Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520)
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)

Regionale planar:

- Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017-2028
- Regional plan for klima 2022-2035
- Regional plan for kultur 2023-2035
- Regional plan for folkehelse 2014-2025
- Regional plan for vassregion Hordaland



Kommunale planar:

- Kommunedelplanen sin arealdel (plankart + føresegner)
- Kommunedelplanen si planskildding (Aktuelle tema: KOM-ROS og KU)
- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Temaplan for trafiksikring
- Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035
- Kommunedelplan for klima og energi (Lindås)

Anna:

- Rapport: Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland


6. Kommunaltekniske anlegg

Trur ikkje det er aktuelt.

7. Kart og planavgrensing

Planforslaget skal presenterast på tilstrekkeleg oppdatert kartgrunnlag (basiskart) og vera i samsvar med kartforskrifta til § 2-1 i pbl. Tiltakshavar skal rekvirere situasjonskart hjå [Infoland Ambita](#).

Planavgrensing:



Forslag til plangrensing.



Plangrensa tar no med seg eksisterande kommunal veg, Bjørsvikvegen. Plangrensa møter plangrensa for E39 Molvik krysset ved E39. Forslag til plangrense er diskutert og resultatet er lagt ved.

Plangrense omfattar eksisterande reguleringsplan, i tillegg til meir sjøareal og landareal mot sør. Kommunal veg, Bjørsvikvegen inngår i planen fram til plangrensa til E39 Molvikkrysset (PlanID 1263-201703) heilt i nord.

Følgande tekst skal nyttast på alt planmaterieil:

Plannamn, kommunen sitt saksnummer og planID (planID vert tildelt før oppstartsvarsling).

Eigedomstilhøve:

Eigedomstilhøva er tilstrekkeleg klarlagt. Oppmålt i 2009.

8. Punkt som er avklart i etterkant av møtet

- Møtedatoar APM: 15.4, 6.5 og 3.6.
- Kontakt info kultur: Alver kommune: Bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no
For nyare tids kulturminne i Alver kommune: berit.vik@vlkf.no og karoline.hareide.breivik@vlkf.no


• Utvida uttale/vurdering frå vegavdeling i Alver:

Kurveutviding/møteplassar bør vurderast mellom E39 og kurvene i dette området:



Pr. i dag ligg det inne BK10 50 tonn, med lengde begrensning på 12,4m. Ei utbetring som kan gje 19,5m lengdebegrensning bør takast høgde for i planen

Vidare bør det gjerast utbetring av krysset ved Eidavegen ned mot Bjørsvik kai. På strekninga etter krysset mot Eidavegen bør det vurderast møteplassar, evt. om vegen på deler av strekninga kan breiddeutvidast. Strekket bør òg ha ei ny bæreevne måling.



9. Medverknad og planprosess

Medverknad

Forslagsstillar skal legge til rette for ein aktiv medverknadsprosess, i tråd med pbl § 5-1. All medverknad skal dokumenterast.

I samband med varsling av oppstart, tilrår vi at forslagsstillar og plankonsulent inviterer til eit orienteringsmøte for dei som skal varslast særskilt om planarbeidet. Det er særlege krav til medverknad der reguleringsplanen har krav om planprogram, jf. Pbl. § 4-1.

Også undervegs bør plankonsulent vurdere om det er behov for ekstra møte og legge til rette for medverknad utover minstekrava i lova.

Planprosess

Prosesspunkt	Ansvarleg	Frist	Merknad
Kunngjering av planoppstart (saman med planprogram)	Forslagsstillar	6 månader etter oppstartsmøtet	Jf. kommunen sitt gebyrregulativ.
Forslag til planprogram sendes på høyring og legges ut til offentlig ettersyn	Forslagsstiller/saman med kommunen	6 veker	



med høyringsfrist på minst. 6 veker.			
Etter høyringsfristen for planprogrammet skal forslaget handsamast politisk.	Kommunen		
Innsending av merknader	Forslagsstillar	3 veker etter merknadsfrist	
Merknadsmøte og undervegs møte	Forslagsstillar bestiller	Etter behov	Kommunen tilrår at det minimum vert gjennomført møte før offentleg ettersyn og merknadsmøte før innsending av planmateriale til 2. gangshandsaming. Materiale skal sendast inn <u>seinast to veker før møtet</u> og skal innehalde kommentarar til merknader og uttaler, samt materiale som viser korleis endringar vil bli innarbeidd.
Innlevering av komplett planforslag til 1. gangshandsaming		1 ½ år etter oppstartsmøtet	Jf. kommunen sitt gebyrregulativ.
1. gangshandsaming		12 veker	Kommunen har 12 veker sakshandsamingsfrist frå komplett planmateriale er motteke, jf. pbl § 12-11.

Dersom planoppstart ikkje er dokumentert kunngjort innan 6 månader etter at oppstartsmøtet er gjennomført, vil saka verte avslutta og det må gjennomførast nytt oppstartsmøte før kunngjering av planoppstart. Det vert då fakturert for nytt oppstartsmøte.

Dersom komplett planforslag ikkje er motteke innan 1 ½ år etter gjennomføring av oppstartsmøtet, må det gjennomførast på nytt og vert fakturert for.

Vidare vert saka avslutta dersom korrigert planforslag ikkje er motteke innan 6 månader etter at høyringsfristen for offentleg ettersyn og høyring er gått ut.

10. Kunngjering og varsling av planoppstart

Før kunngjering av planoppstart, skal kommunen ha kunngjeringstekst og planprogram til gjennomlesing og godkjenning.

Referat frå oppstartsmøtet skal leggjast på plankonsulenten sine nettsider saman med alle relevante dokument som er knytt til kunngjering av planoppstart. Oppgi kommunen sitt



saksnummer i kunngjeringa. Avisannonsen, kunngjeringsteksta og alle vedlegg skal også sendast til post@alver.kommune.no.

11. Fagkynde

Reguleringsplanar skal utarbeidast av fagkyndige, jf. pbl § 12-3 fjerde ledd. Det er ein føresetnad at plankonsulenten har tilstrekkeleg kunnskap om plansystemet og prosessane, samt kunnskap om framstilling og verknad av plankart, føresegner og planskildring.

12. Gebyr

Plan og byggesak sine tenester er gebyrbelagde etter kommunen sine til ein kvar tid gjeldande gebyr- og betalingssatsar: [Gebyrliste \(2026\)](#)

13. Til informasjon

Prioriterte utgreiingsbehov for planarbeidet er gitt så langt dette let seg gjere med i bakgrunn i tilgjengelege opplysningar i oppstartsmøtet.

Merknader frå naboar, interesseforeiningar o.l., og krav frå offentlege styresmakter m.m. vil kunne føre til naudsynte endringar av planforslaget.

Informasjon gitt i oppstartsmøtet eller -referatet gir ikkje rettar i den seinare sakshandsaminga.

14. Skjema og rettleiarar som skal nyttast

Desse skjema og rettleiarane skal nyttast i utarbeidinga av plandokument og er å finne på kommunen si [heimeside \(trykk for lenke\)](#):

- Reguleringsplanveileder
- NPAD
- Sjekkliste – Planmateriell og tekniske krav
- Rettleiar – Naturmangfaldrapport med sjekkliste
- Mal for føresegner og sjekkliste planskildring (regjeringa sine maler)
- Rettleiar for rednings- og sløkkeinnsats
- NGIR – Renovasjonsteknisk plan
- Kunngjeringstekst oppstart – døme
- Grafisk profil føresegner – døme
- Høyringsliste offentlege partar
- Merknadsskjema – oppstart
- Merknadsskjema – offentlig ettersyn
- Risikomatrikse ROS-analyse
- Sjekkliste – Vurdering av konsekvensutgreiing
- Planprogram